

BARNDOMSMINNE FRÅ DALE

Astrid Fosse

Etter å ha sett alle forandringane med Dale-samfunnet dei seinare åra, både på godt og vondt, er det naturleg å tenkja attende på farne tider i 30 åra.

Eg vaks opp på Skyttarplassen, eller "Seberien" som det vart kalla. Me som budde der vart kalla for Seberikokka. Arabien var nede i sentrum. Oppvekstvilkåra der oppe var dei beste. Eit lite skjerma samfunn, der borna kunne utfalla seg i leik på ein god og trygg måte. Når eg tenkjer attende på dei tilhøva som var då må det vel fortone seg som steinalderen for den oppveksande slekt. Dette var før tunnelen i Kvamstoberget kom i 50 åra.

Det vart ikkje turar i "gatå" dagstøtt. Dale Handelsforening hadde ein filial på Skyttarplassen nede på "Litlagatå" der ein kunne få kjøpt det ein trong av daglegvarer, fersk fisk, oppskåre pålegg og framifrå god melk som vart frakta med hest frå Helle kvar dag. Melka var så god at den smaka som fløte. Skulle du mangla ei trådsnelle eller sikkerheitsnål vart det råd med det og. Eg hugsar enno spissposane med raude bringebærdrops, og kan nesten kjenna smaken, og den gode sjokoladen med hovud i begge endar.

Bilar var eit særsyn. Bergsdalsbøndene nytta og hest når dei tok turen ned i Kvammen, difor var det trygt for oss ungar å leika i vegen. Bergsdalsbøndene hadde ein del private kundar som dei leverte melk til. Spanna sette dei av ved oppgangen til husa.

Om vinteren var det eit yrande liv i Bergsdalsvegen med kjelkar, krubbe, og ein og annan spark (støting). Gutane brukte ei stor buska til å styra kjelken eller krubba med, og det var ikkje så populært om du var redd og prøvde å streka med føtene. Dette var lenge før rattkjelken si tid. Dei første heimelaga rattkjelkane kom i min tidlegaste ungdom så eg fekk prøva den og, men eg har vel aldri vore så redd som den første turen med rattkjelke ned frå tunnelane og heller ikkje så nære på å køyra utfor med «benkane" (i svingen med Fryklafossen)

Ned på Litlagatå hadde me Trekkspelhusa (der dei nye husa står i dag) med flotte uthus for ballspel. Det vart ein kjenslemessig reaksjon den dagen desse vart rive for dei husa så mange gode minner. Elles var hoppetau, trillering og ymse songleikar populære. Me jentene hadde sjølvstekt også dokkene våre, korgavogner og stundom var det litt klinkekuler i bruk. Me trong ikkje leikeplassar, det var heller ikkje vanskeleg med selskap for det krydde av ungar i alle aldrar.

Den dagen vaskehuset vart reve måtte eg berre setja litt av kjenslene mine ned på eit papir og her er resultatet på Dalemål.

Vaskehuse på Skyttarplassen

Ja, so e han vekke ballveggjen vår,
me so mange goe minne frå badnaår,
dar balln han for frå håve te kne
og bakom ryggjen da hørde og me.
Glade onga som leika i lag,
stråle og lyse den dag i dag.
Ett lite samfunn me rik kultur ,
me store å små me smile på lur.
Kansje ikkje so rikt på ” gods og gull,”
men du verden so tryggt å omsorgsfullt.
Endå ett minne frå badnaår
lyt vika plassen ska utviklingjæ få rå.
So har du pakka ball på veggjen vår,
du her ei hjertelæ helsing får,
so kan me heller i fellesskap grina ei tår.

Det var og ein stor forskjell når det galt mødrene si stilling. Dei var for det meste heimeverande.. Sjølv sagt trong enkelte gå på arbeid då og, anten i ”fabrekkje” eller anna arbeid ofte vask. Dei sosiale trygdene var ikkje utbygde og eg minnest med gru dei borna som vart erta som fattigkasseungar. Men dei fleste trur eg hadde det toleg bra, sjølv om det kunne variera ein del. Mødrene var flinke til å utnytta dei pengane som mannen kom heim med frå ”Fabrekkje” Dei strikka og sydde til familien. Det var restagarn og ”enna” å få kjøpt på utsalget. Eg trur brorparten av borna hadde mor eller far som arbeidde i Fabrekkje. I den tida var det vanleg med frukost-pause om laurdagane i. Dei andre vekedagane var det middag kl. 12 og då fløytt dei ”heim” og ”ned att” etter middagsstunda.. Det var me ungane som gjekk med mat på laurdag eller når det var overtidsarbeid. Eg minnest godt turen ned ”Torkebaneveien” til Ullfabrikkporten med mat og kaffi. Å springa ned den steinete stien med kaffi i eit lite aluminiumsspann, med laust lok eller ei brusflaske, var ikkje enkelt. Det blei mange knuste flasker, nedslått kaffi og skrubbete kne og sikkert tårer og.

Når eg skulle til fabrikkporten med mat gjekk eg ned vegen forbi huset til Rolf og Sofie Kristiansen (Rolfen i daglegtale) med familie .Dei hadde 7 born. Rolfen var kommisjonær for Bergens Arbeiderblad. Når toget kom med avisa frå Bergen var ein stor del av familien samla for å gå rundt med aviser på heile Dale. Han krov og inn bladpengar. Dette var ein ekstrajobb for å spe på inntektene frå fabrikkjen, for familien var stor .På andre sida av vegen budde foreldra til Sofie, Kari og Lars Øye i



Skyttarplassen kring 1910. Nærare opplysningar om bilet sjå s. 84-5.

Utlånt av Astrid Fosse.

første høgda. I daglegtale Øyalars og Øyakari. I andre høgda sonen Berger og kona Gladys med familie. Karl Øye var ugift på denne tida, og budde heime. Når eg fortsette ned vegen kom eg til Østenhuset. Dette huset var stort med mange husvære. I kjellarhøgda budde Martin og Klara Helle med to born på den eine sida, på den andre sida ei ugift jente, som gjekk i fabrikk, ho heitte Andrina Elje. I første høgda budde Karl Hesjedal og kona Elisa med tre døttre. Karl Hesjedal var på fritida si leiar i Barnelosje Heimdal. Losjen hadde i den tida mange medlemmer. Den yngste dottera Ester var flink til å syngja og eg minnest at ho fekk syngja i barnetimen i radio ein gong og det beundra me andre ungane ho for. Eg synes å hugsa at dei hadde piano og strengeleik i bestestova. Eg trur dei hadde berre kjøkken og to rom, men det var likevel ei stova som vart kalla bestestova slik det var vanleg på den tida, men me ungar fekk leika oss der likevel. På motsett side budde Anna, Olina og Margit Ravnestad, Margit seinare gift Langhelle. Ravnestad familien var ein musikalsk familie. Når eg vaks opp var det for det meste berre to ugifte systre som budde der, men det var barndomsheimen deira. Dei hadde og ei stove som snudde ned til fabrikk som var bestestove. Her var det plassert eit orgel på den eine vegg. Dei hadde og gitar kan eg hugsa. Dei hadde fine songstemmer heile familien og Anna Ravnestad var organist i den gamle Dalekyrkja i 38 år. I andre høgda

budde huseigaren Kari og sonen Johan Lund. Eg kan ikkje hugsa mannen hennar Østen som truleg bygde huset. Johan som hadde vore i Amerika hadde berre ein arm .I daglegtale Østen Kari og Østen Johan. Dei hadde tenestejente. Iflg. Bygdeboka var det 4 born i familien, men eg hugsar berre den yngste som var Johan. Det var eit herme etter Kari, om det er sant veit eg ikkje. Østen låg til sengs og var sjuk og kona trøysta han med at han måtte tru for som ho sa "trua kan flytte fjell". Då skal Østen som hadde vore anleggsarbeidar svara "Da må det nok litt dynamitt tel ". Kven som budde på motsett side av dei hugsar eg ikkje. På kvistane budde det unge jenter som arbeidde i fabrikkken så her var det ofte byte. Østenhuset hadde eit stort vaskehus som høyrde til. Det låg på motsett side av vegen. Neste hus var Konrad og Johanna Stamnes sitt "Kompisen" i daglegtale. Dei budde på venstre side av vegen og var barnlause. Dei gjekk eg med egg til om fredagane. I andre høgda budde mor til Konrad og ei ugift syster som heitte Karolina. Den gamle kalla me for "Kulshamrå " Eg trur det var fordi ho var frå Stamnes og namnet var knytt opp til det, (bestemor til Ingebrigt Hesjedal). Lenger bort i den vegen, i nabo-huset, budde Knut og Sigrid Verpelstad med fem born. Dette var barndomsheimen til ei av veninnene mine så dette huset var eg i nesten dagstøtt. I andre høgda budde far til Knut og ein ugift bror som hadde Epilepsi. Me ungane tykte det var nifst når han fekk anfalla sine. Inst i den vegen var Buvikahuset som me sa. Der var eg visst aldri i den tida.

Så gjekk eg ned Østenbrekkå. Der budde Johs. Hesjedal (Rubakkjen) med to vaksne born., ein son og ei dotter. Sonen hadde berre ein fot. Han dreiv som sykkel-reparatør. Rubakkjen hadde nokre piletre som stod langs med Østenbrekkå som det var mykje "spetakkel" med. Han skulda ein del av gutane for å ha øydelagt pilane hans, så det vart mange trugsmål med politien. Dette skjerpa berre på apetitten til gutane til å gjera meire fantastrek. På andre sida av vegen var Brudvikhuset. Her budde Nils Brudvik med famelien og familien Tyssen. Hjø Tyssen var eg og med egg. Det siste huset som eg passerte låg heilt inn til Torkebaneveien. Her budde Maria og Johs. Haugland, som var barnlause, i eine enden av huset kven som budde i den andre enden av tomannsbustaden hugsar eg ikkje. Eg trur dette måtte vera funksjonærboligar. Torkebaneveien gjekk langs med Torkebanå. Det var eit langt hus som låg inne på fabrekkområdet, som eg går ut frå at dei tidlegare hadde nytta til å turka tøy i. Dette veit eg ikkje sikkert for ullturka var på ein annan plass når eg gjekk til Ullfabrikkporten med mat. Ullfabrikkporten var ein høg ubevokta port av netting. Den vart sett open om laurdagane når folk skulle heim til frukost i alle fall. Kveld og morgon måtte dei nok gå gjennom hovudporten og stempla, for stemplingsura og korta var plasserte der. Hovudporten var der som innkjørselen til fabrikkken er i dag. Når eg kom med mat kom som oftast dei vaksne og henta maten med porten, men eg fekk stundom koma inn til pappa som arbeide i apperaturen. Eg hugsar at eg gjekk gjennom "stampå, vaskå og turkå" når eg fekk koma inn. Bestefar arbeidde i "turkå" og der var det svært mørkt og mykje damp. Dei sat høgt oppe og så var det nokre store valsar hugsar eg. Det var mykje lysare og trivlegare i apperaturen.



Rollandhuset.

Utlånt av Astrid Fosse.

Blekkmakaren hadde bua si nett bortom Ullfabrekkporten. Dersom du stillte deg opp framfor bua hans kunne du gjerne vera så heldig at han laga ein ring til deg, eller du gjekk litt lenger bort til snekkarverkstaden der me fekk "spilar". Kva som var så gjævt med dei hugsar eg ikkje. Med snekkarverkstaden kunne me møta på "Rokkadreiå", ho var nede og fekk kapp som ho nytta til ved. Namnet "Rokkadreiå" hadde ho fått fordi mannen hennar hadde verkstad og dreia rokkar. Me var litt redd ho for ho gjekk med lange side stakkar og var derfor litt original, me var ikkje vant med slik påkledning, men kona var heilt harmlaus. Ho heitte Gustava (Helle) Danielsen.

Eg har seinare ofte tenkt på "nabokjerringane" som Gro Harlem Brundtland etterlyste. Me hadde nabokjerringar som brydde seg. Kanskje litt vel mykje stundom, men for det meste var dei omsorgsfulle og svært gode å ha. Eg

Huset til Henrik H Rolland. Bustadhuset. På bilete ser ein i HØGRE biletkant eit ope vindauga, der me budde. I den andre enden budde bestefar som var enkemann og ei ugift tante av meg. Denne delen vart flytta frå Dyvik ca. 1903 (Holo 1868). I 2.høgda budde syster til far min med mann og 3 born (Johs Ravnestad). I kjellarhøgda budde systrene Øye.

På biletet ser ein i venstre sida litt av uthuset som inneheldt vaskehus, vedbuer og loft. På loftet var det nokre kleskap og ei bu til å rulla klær og turkeloft.

Oppom ser ein at det var hengt ut litt klær til turk. Dette var plassen for klestativet. Bakom trur eg det må vera hønsehuset ein kan skimta, men ikkje slik det var slik eg kan hugsa det. Elles er bakgrunnen ur opp mot "Kupestallane".

minnest med glede dei snille naboane våre som berre ville oss vel.

På grunn av at bestefar hadde høns kom eg i kontakt med ein del heimar som eg vanlegvis ikkje hadde tilgang til. Det var min jobb om fredagskveldane, som var lønningsdag, å gå rundt med egg til faste kundar. Dette var folk som hadde litt "betre råd" av ymse grunnar, slike som kanskje hadde fleire inntekter i familien, vaksne born i arbeid, gifte ektepar utan born, eller einslege. Det er ikkje få kjøkken eg var innom. på desse turane, eg fekk alltid koma inn. Folk budde helst trongt og det var ikkje uvanleg at fleire familiar måtte dela kjøkken. I huset heime hjå oss budde det 12 personar. Forutan næraste familien budde det to ugifte systre i kjellaren, begge heite Sigrid så det vart, "stora Sigrid" og "littla Sigrid". Dei stiva tøy til folk. Eg hugsar at dei stiva på desse lause skjortesnippane, for beste skjortene i den tid var med laus krage.

Naboen vår budde i eit "Hærskapshus". tenestejente og det var ikkje vanleg. Eg var nesten kvar dag i denne heimen og vart tatt i mot som ein av familien. Eg tykte dei hadde det flott. Dei hadde bad i kjellaren og vannklosett i første høgda, andre hadde helst utedo. Og så hadde dei telefon. Eg veit ikkje om det var fleire privathus på Skyttarplassen som hadde telefon så eg måtte ofte springa med telefonbeskjed. I andre høgda budde ei ugift dame på eit kvistværelse. Eg hugsar at ho på sine eldre dagar låg i senga og skalv, det var truleg Parkinsons sjukdom ho lei av. Ho hadde ikkje familie på Dale så eg har mange gonger tenkt på korleis ho greidde seg før ho kom på gamleheimen. Heimetenestene var ikkje utbygt, men Dale Helselag hadde sjukepleiar i alle fall seinare.

Det var stor stas dei dagane bestefar kom frå banken på Vaksdal, då vanka det oftast ein spisspose med blanda drops. Han hadde nokre dagar i banken både på Vaksdal og Dale. Kvifor han var med der veit eg ikkje sikkert, kanskje han var med i bankstyret.. Eg hugsar at når du kom i banken med sparebørsla di sto han "Kalle Bank" (Karl Brudvik) med ein høg "pult" på eine sida og førte inn beløpet i bankboka



Frå v: Ingeborg Skjerven 1886-1964, Sigrid B. Øye "littla Sigri" 1872-1936, Sigrid B. Øye 1869-1956 "stora Sigrid". Utlånt av Marta Skjerven

og signerte, etter på leverte han boka over til han på den andre sida som og kvitterte så det blei to underskrifter. Det å koma inn i banken var svært høgtidleg det var alltid så stille.

Skule og ungdomstid 1937 – 1946.

Så kom tida ein skulle byrja på skulen. Dette vart eit tidsskifte på alle måtar. No måtte ein ut og innordna seg andre og større forhold. Den første skuledagen vart tung. Klassen vart delt og eg kom bort frå beste veninna mi. I tillegg skulle me gå på skulen i det gamle skulehuset nede i Dalevegen (med Storesteinen nedom Esso st). Det var langt å gå frå Skyttarplassen for ein første klassing. Ofte måtte me gå forbi "Dalekydna" som gjekk og beita. Dei gjekk forresten rundt i gatene på Dale og, og forsynte seg av både blomar og tre i hagane til folk. Eg vart ofte ståande framfor huset til Hjelmeland i håp om å få fylgje forbi "kydna", og etter ei stund kom gjerne fru Hjelmeland ut med vassbyttene sine for dei henta vatn ute på flaten. Det gamle skulehuset hadde heller ikkje innlagt vatn, og me sølte mykje når byttene skulle berast opp i 2.høgda. Der var det også utedo.

Me var ikkje lenge lenger nede, og var krye då me som den første klassen fekk flytta inn i det nye skulehuset i 1937. Dette var same året som Dalehallen vart bygt. Alt gjekk som normalt dei første skuleåra. Me lærte å skriva og rekna. Til hjelp i rekning brukte med tiarbuntar. Det var fyrstikker som var bunta i sammen 10 stk. med gummistrikk. Me hadde mange fritidssyslar, som speidaren og barnelosjen som fyllte tida vår. Men så kom 9. April 1940. Eg gjekk då i 3. Klasse. Med det same eg vakna om morgonen såg eg på dei vaksne at no var det hendt noko. Ordet krig var eit framandord for oss då, men det gjekk nok opp for oss litt etter litt kva det innebar. Me gjekk til skulen som vanleg og om eg hugsar rett gjekk flyalarmen alt første dagen. Heile skulen vart sendt ned i kjellaren og eg har seinare ofte tenkt på kva konsekvensane av ei bombe på skulen hadde blitt. Etterpå vart me sendt rett heim, og eg kan enno sjå for meg "frøken" sitt redde blick når ho sa at me måtte ta godt vare på kvarandre heimover. Eg kan ikkje hugsa at me var så redde for me skjønna ikkje heilt kva krig var.

Skulevegen vår var lang og kronglete. Me gjekk ned Bergsdalsvegen- om Skorsteinspipå – opp Granamarkjæ. Stien gjekk opp på motsett side av der hovudinngangen til Dale Fabrikker er i dag og enda opp ved trafokiosken ved Forsamlingshuset. Her byrja vegen under fjellet – forbi Paktargarden (Lien) på venstre sida – Holahagen og Forsamlingshuset på høgre sida – Rivedalshagen - Sofushuset – Langhellehuset – Moseshuset – Brøkahuset var bakom Moseshuset (Brøken spelte på lirekasse) – Malarhagen med hønsehagen til Malarrasmus (Rasmus Takvam)- Malarhuset med uthus – Mons Brekke huset (Nils Forthun) - Vassdalhuset med transportforretning, med 2 hestar og hestedoningane – Malarhola med bekken som ofte fløynde over vegen. Bekken gjorde det stundom vanskeleg å koma fram når han fløynde over vegen. Han rann då ut på Liamarkjæ

(Lauvgardsflaten i dag) og gjekk i røyr borte i Dalseidvegen. Når eg tek med dette så er det fordi det er store forandringar her i dag.

Elles er det eit par ting frå krigen som har brent seg ekstra inn i minnet. Den dagen læraren vår Adolf Ervik vart deportert til Kirkenes, han ville ikkje melda seg inn i lærarsambandet, og den dagen eg stod heime på plassen og såg når tyskarane skulle bomba ubåtbunkeren på Laksevåg og trefte Holen skole. Mange born omkom den dagen. Den hendinga kan best illustrerast som eit fyrverkeri, sett heimanfrå.

Evakueringa til Hamlagrø hugsar eg og godt. Store flokkar gjekk oppover Bergsdalsvegen. Nokre drog ein del eignelutar på kjelke eller krubba for det var snø. Eg hugsar og ei kone eg kjente svært godt som var sjuk. Ho vart transportert i sjukekorg på hesteslede. Eg trur det var siste gongen eg såg ho,.Eg var svært redd for bestefar for han ville ikkje reisa frå hønsene sine, men evakueringa gjekk fint for vårt vedkomande og snart kunne me reisa heim att. Det var litt rart når me kom ned til tunnelane, eg veit ikkje kva eg hadde forestilt meg, men Dale såg akkurat ut som før, men du hadde likevel ei kjensle i deg som ikkje kan forklarast.

På slutten av krigen var eg kome i storskulen. No vart det problem med oppvarminga av skulen. Me måtte difor gå på skulen om kveldane og undervisninga var på lærarrommet. Eg trur at temperaturen var ca. 13 grader så det var vanskeleg å halda varmen. Når me gjekk heimatt var det bekmørkt, ikkje gatelys – ikkje lys frå husa som måtte bruka blendingsgardiner. Me møtte ofte på Tyske soldatar. Når me hørde klakkinga frå soldatane var me ikkje akkurat høg i hatten.

Elles må eg vel ta med maten me fekk på skulen. Svenskesuppe var god. Ein dag havresuppe, ein dag ertersuppe, godt tillaga av ho Emma Dale. Jau, då var Svenskane gode å ha. Kanskje me bør tenkja litt meir over dette me som var så heldige den gongen. Det er mange som svelt kringom i verda i dag og, som me kan hjelpa på ymse vis. Nei, eg har ikkje gløymt TRANFLASKENE. Dei stod på rekke og rad i vindaugo ute i gangen av alle plassar. Eg kan enno kjenna smaken. Er det rart at ein har fått nok av tran !

Konfirmasjonen 1944.

Dette var det siste krigsåret og sikkert det vanskelegaste i alle fall når det galt mat .Alle forbruksvarer var på rasjoneringskort. Min første sommarjobb i 1944 var på forsyningsnemnda som skreiv ut rasjoneringskorta. Kle–sko–mat alt var rasjonert, men om ein fekk rasjoneringskort var det ikkje det same som at ein fekk tak i varer. Eg hugsar at eg fekk i oppdrag å skriva ut skokort til dei eg visste var konfirmantar det året, men om alle fekk tak i sko veit eg ikkje. Dei andre kleda var det enklare med for me hadde Dale Fabrikker. Eg fekk sydd konfirmasjonskleda mine på Evanger. Det var ikkje så enkelt å koma seg opp der for det gjekk ikkje så ofte tog. Me skulle sjølvsgatt ha hatt og. Den var det ho Alisa Bolstad som sydde av kåpestoffet. Så var det maten. For å illustrera litt vil eg fortelja kvar konfirmasjonsmaten min kom frå. Smør–mjøl–sukker frå Etne, (mor hadde eit syskenbarn som var



Avgangsklasse 7 b Dale skule 1944, frå venstre:

1.rekke: Pauline (Dale) Ramstad, Nora (Hop) Danielsen, lærar Adolf Ervik, Tordis (Ekanger) Jørgensen, Haldis (Brudvik) Opsahl. 2.rekke: Adler (Dale) Vågenes, Astrid (Rolland) Fosse, Svanhild Nilsen Dalseide, Marit (Ekanger) Heimdal, Solveig (Haugland) Tveiterås, Inger Haugland ?, Johannes Grøttå. 3.rekke: Nils Thunestvedt, Alf Herfindal, Arthur Reigstad, Åge Haug, Finn Hesjedal, Otto Berg. John Kvarekval er ikkje på biletet.

Utlånt av Astrid Fosse.

handelsstyrar der) egg frå bestefar–fløyte frå Rødland i Bergsdalen (me hadde hytte der oppe)–killingkjøt frå ein hobbybonde på Dale.

ENKELT ? Men det vart konfirmasjon og utruleg nok gåver og. Dette var i september 1944.

Konfirmasjonsgudstenesta var i den vesle gamle kyrkja nede på "BRÅTET" Me var mange konfirmantar. Frå Dale var det to klassar i tillegg 2 gutar frå Bergsdalen og ein del frå Helle og Stanghelle. Det var trengt om plassen i kyrkja. Me sat rundt i alterringen og resten på to lange benkar i midtgangen. Me gjekk inn i kyrkja etter alfabetet, og det er einaste gongen eg kan hugsa at det var etter førenamnet så eg kom langt inn i ringen. Det var trengt om plassen for kyrkjefolket og. Det var sett opp benkar rundt alterringen og for å plassera folk. Eg hugsar ikkje så mykje av preika til

Johs. Stokke for utanfor ringen sat nokre "halvstyvingar" og mora seg med å stikka oss i ryggen med knappenålar. Det vart difor ei kjær avkopling når me kom til overhøyringa, for då nådde dei ikkje bort i oss. Om eg har gløymt kva preika handla om hugsa eg at eg måtte lesa utenatt Johs.3.16 (den vesle bibelen). Elles var den gamle kyrkja svært fin. Preikestolen og altertavla var midt på veggen i kyrkja, den hadde og to galleri. Det var to fine vindaugo med glasmåleri. Eit av desse vindaugo er plassert i Dale Bedehus. Det andre i Stanghelle Bedehus. Elles trur eg at dei fleste gamle Dalingar tykkjer det er synd at den fine kyrkja vart riven.

Fredsvåren 1945.

Den siste hausten og vinteren var nok den hardaste på mange måtar. Folk var krigstrøtte. Dale Fabrikker var imidlertid flinke til å hjelpa til med mat. Dei skaffa tørrfisk og luta fisk i store kar nede i fabrikkjen. Dei delte og ut spekesild og poteter som folk kunne møta opp å få. Dette hjelpte godt på for det var lite mat å få tak i. Ein del reiste ut og bytte til seg mat i bytte med tøy, men det var ikkje alle som hadde slike forbindelser. Men krigen gjekk mot slutten. Naboane fekk det travelt i vedbuene sine. Det var og dei som hadde flytta radioen sin opp i "ura" ovanfor huset vårt. Eg visste heldigvis ikkje då at det var London dei gjekk for å lytta på.

Så kom 7. Mai 1945. Mitt sterkaste minne frå 7.mai var då eg såg ut vindauga og oppdaga naboen vår ute på trappa med det norske flagget under armen. Min første tanke var at no hadde det rabla heilt for han. Tyske soldatar var ekstra på vakt no og eg såg det gjekk nokre nede i Bergsdalsvegen sterkt rusta, dei hadde til og med bajonettar. Han gjekk imidlertid roleg ned i hagen og heiste flagget til topps, og det vakre norske flagget vaia atter fritt i den vakre maikvelden. Naboen vår hadde vore ein uredd informant til alle gode "Jøssingar" under krigen og det ville vera utruleg trist om det skulle henda han noko den dagen. Han hadde i unge år vore i Amerika og då delteke i krig på Amerikansk side. Ein bolk av livet sitt som han aldri nemnde med eit ord. Eg hugsar eg sprang inn for å fortelja om Johs. som hadde heist opp flagget, men der var ingen. Eg gjekk difor opp i andre høgda til tante og onkel og vart ikkje lite paff når eg såg at alle dei andre var samla om radioen som stod midt på bordet. Tanta mi vart litt oppkava når ho såg meg for dette var ein radio som var ulovleg å ha og eg gløymer aldri kva ho sa: "Om nokon spør deg om vi har radio må du svara nei for då lyg du ikkje". Spør om me lo når det gjekk opp for oss kva ho hadde sagt.

Allereie 7. Mai om kvelden vart det folksamt i gatene. Ryktene om snarleg kapitulasjon var nok blitt kjent av dei flest. Ein del av skulekameratane mine frå real-skulen, som var frå Vaksdal, måtte bu på hybel på Dale grunna dårleg togsamband. Eg minnest at dei gjekk den lange vegen heim 7. Mai om kvelden. Dei gjekk vegen til Stanghelle, så langs jernbanelina til dei nådde i vegen att på Vaksdal sida, men dei ville heim til familien sin.

Eg trur det var den 7. eller 8. mai at ein av lærarane på realskulen heldt ein flammande tale frå altanen på Dalehallen. Den einaste gongen eg kan minnast at nokon

har brukt denne til å halda tale, men det mangla ikkje på tilhøyrarar. Folk stod som sild i tønne. Å skildra desse fredsdagane er heilt umogeleg, dei må du rett og slett ha opplevd for å forstå.

I dagane etterpå tok det nok ei stund før det vart heilt normale dagar for oss som gjekk på skulen. I fredsrusen var det vanskeleg å konsentrere seg om lekselesing. I fritida gjekk me på jernbanestasjonen for å sjå på alle soldatane som kom. Det var mange norske soldatar som vendte heim frå Sverige, elles hugsar eg "dei raude djevlane" som var Engelskmenn. Etter kvart vende krigsfangar frå Tyskland og dei nordmennene som måtte flykta til England på slutten av krigen også heimatt. Når det galt dei lokale nazistane og "tyskartøsene" vart dei teke til fange, dei sistnemnde vart snauklippte, men eg hugsar ikkje at dei vart så hardt behandla av lokalsamfunnet. Dei fleste av dei hadde trass alt vore harmlause .Dei fekk likevel si straff .I glede over at Noreg atter var eit fritt land var eg nok for ung til å festa meg så mykje med dette .Me var som ungdom flest opptatt av det levande livet omkring oss og følte nok at me hadde gått glipp av så mykje, som me gjerne ville ta att. Den dagen gatelysa vart tente på att over heile Dale sat eg på "benkjen" på Tippen saman med ein god ven. For ein augneblink! Livet var atter godt å leva. Kanskje det var lyset ,etter så mange år i mørke ,eller den gryande forelskelsen som skapte den spesielle stemninga veit eg ikkje i dag.

Etter kvart vart livet meir normalt og for oss nærma eksamen seg med raske skritt, så me var snart attende i kvardagen att. Sidan Bruvik kom. realskule. ikkje hadde eksamensrett (2 årig) måtte me opp til eksamen i alle fag. Dette var første året mitt, men det var avgangseksamen i ein del fag likevel.

Det var framleis rasjonering. Det skulle enno gå mange år før me var attende til det normale. Eg har tilmed vore med og selt kolonialvarer på kort. Eg trur eg må ta med ei lita historie frå den tida. Enkelte dagar hendte det at det gjerne var litt rikelegare med varer. Ein kunde lurte ein dag på kor mykje melk ho kunne få. Ho fekk til svar at i dag kan du få nett så mykje du vil "Gubba, så mykje vil ikkje eg ha" Dette viser vel litt av korleis denne kunden hadde følt det med å alltid få for lite.

Når eg registrerer at den eine forretninga etter den andre forsvinn frå Dale sentrum synest eg det er rett å ta med nokre ord om det.

Når me kom frå Skyttarplassen og opp "Jibsabrækkå" hadde me Utsalget på venstre sida i Perahuset. Her var og den berømte "Peratrappå" der det var premieutdeling 1. og 17. Mai. På motsett side var Telegrafan i 2.høgda. I første høgda: Albertsens Manufaktur – Gerda Rasmussen m.a. snop, musikkinstrument og Indremisjonskafeen. I same huset i smettet var skomakar Utskott. Vis a vis han festiviteten eller losjehuset. I kjellaren i Dalehallen Alisa Bolstad Broderi & Moteforretning. Lenger nede i gatå på høgge sida Hjertåsen med m.a. sportsforretning, bakeri med gode brød, bollar og kaker. Vidare nedover gata Seimen i (1.høgda på huset der Einar Langhelle bur i dag), han hadde kolonial- sko- radio og utanfor selde han bensin. Så var det slaktar Vatle med slakteri og kjøtforretning med ferskt kjøt – pålegg- "molvopølsa" den var populær –grønsaker og egg. Eide & Petersen

har brukt denne til å halda tale, men det mangla ikkje på tilhøyrarar. Folk stod som sild i tønne. Å skildra desse fredsdagane er heilt umogeleg, dei må du rett og slett ha opplevd for å forstå.

I dagane etterpå tok det nok ei stund før det vart heilt normale dagar for oss som gjekk på skulen. I fredsrusen var det vanskeleg å konsentrere seg om lekselesing. I fritida gjekk me på jernbanestasjonen for å sjå på alle soldatane som kom. Det var mange norske soldatar som vendte heim frå Sverige, elles hugsar eg "dei raude djevlane" som var Engelskmenn. Etter kvart vende krigsfangar frå Tyskland og dei nordmennene som måtte flykta til England på slutten av krigen også heimatt. Når det galt dei lokale nazistane og "tyskartøsene" vart dei teke til fange, dei sistnemnde vart snauklippte, men eg hugsar ikkje at dei vart så hardt behandla av lokalsamfunnet. Dei fleste av dei hadde trass alt vore harmlause .Dei fekk likevel si straff .I glede over at Noreg atter var eit fritt land var eg nok for ung til å festa meg så mykje med dette .Me var som ungdom flest opptatt av det levande livet omkring oss og følte nok at me hadde gått glipp av så mykje, som me gjerne ville ta att. Den dagen gatelysta vart tente på att over heile Dale sat eg på "benkjen" på Tippen saman med ein god ven. For ein augneblink! Livet var atter godt å leva. Kanskje det var lyset ,etter så mange år i mørke ,eller den gryande forelskelsen som skapte den spesielle stemninga veit eg ikkje i dag.

Etter kvart vart livet meir normalt og for oss nærma eksamen seg med raske skritt, så me var snart attende i kvardagen att. Sidan Bruvik kom. realskule. ikkje hadde eksamensrett (2 årig) måtte me opp til eksamen i alle fag. Dette var første året mitt, men det var avgangseksamen i ein del fag likevel.

Det var framleis rasjonering. Det skulle enno gå mange år før me var attende til det normale. Eg har tilmed vore med og selt kolonialvarer på kort. Eg trur eg må ta med ei lita historie frå den tida. Enkelte dagar hendte det at det gjerne var litt rikelegare med varer. Ein kunde lurte ein dag på kor mykje melk ho kunne få. Ho fekk til svar at i dag kan du få nett så mykje du vil "Gubba, så mykje vil ikkje eg ha" Dette viser vel litt av korleis denne kunden hadde følt det med å alltid få for lite.

Når eg registrerer at den eine forretninga etter den andre forsvinn frå Dale sentrum synest eg det er rett å ta med nokre ord om det.

Når me kom frå Skyttarplassen og opp "Jibsabrækkå" hadde me Utsalget på venstre sida i Perahuset. Her var og den berømte "Peratrappå" der det var premieutdeling 1. og 17. Mai. På motsett side var Telegrafan i 2.høgda. I første høgda: Albertsens Manufaktur – Gerda Rasmussen m.a. snop, musikkinstrument og Indremisjonskafeen. I same huset i smettet var skomakar Utskott. Vis a vis han festiviteten eller losjehuset. I kjellaren i Dalehallen Alisa Bolstad Broderi & Moteforretning. Lenger nede i gatå på høgge sida Hjertåsen med m.a. sportsforretning, bakeri med gode brød, bollar og kaker. Vidare nedover gata Seimen i (1.høgda på huset der Einar Langhelle bur i dag), han hadde kolonial- sko- radio og utanfor selde han bensin. Så var det slaktar Vatle med slakteri og kjøtforretning med ferskt kjøt – pålegg- "molvopølsa" den var populær –grønsaker og egg. Eide & Petersen

også med bakeri – kolonial - kle – og bøker og elles alt du trong av skrivesaker. På andre sida av gata Dale Handelsforening med kolonial – fersk fisk – kle – sko- jernvarer - ved -koks m.m. I tillegg selde "Fiskamannen" fersk fisk på torget .Namnet til Fiskamannen var Sigurd Zakariassen (Sigurdson).

Men det er ein viktig person som er utelate, KVITINGEN. Han hadde utsal på kjøkkenet sitt i det første huset opp i gatå. Her kunne du få kjøpa snop, brus, vekeblad. Her var det ikkje vanlege opningstider. Det var berre å gå inn med småpengane dine og be om å få sjå I øres – 5 øres eller 10 øres kassen. Kassane stod innunder disken. Det var nok helst den billegaste sorten me hadde råd til. Det var berre ei tid du ikkje fekk handla, det var om søndagen når "presten sto på stolen". Kom du i den tida vart det ingen handel.

I tillegg til desse forretningane kunne du få fotografera deg hjå J.A.Vik. Han heldt til i kjellaren i Dalehallen. Me hadde og fleire frisørsalongar om du trong fjelga deg på håret. Det var og bibliotek og folkebad.

Dale var ein svært isolert plass i dei dagar, det var før me fekk veg til Voss og Bergen, så det var viktig å vera sjølvhjelpne.

Dette er ein del av minnene mine frå barne og ungdomsår slik eg ser attende på dei i dag. Kanskje vil vel dette variera ein del alt etter kva den enkelte opplevde, men eg kan berre skriva ut frå min situasjon og mitt minne.



Skyttarplassen kring 1910.

Opplysningane gjeld eigarar og namn på husa rundt 1910. I parentes oppført eigarane i dag, samt andre opplysningar kring husa.

Oppom Bergsdalsvegen budde: **1** (bnr. 66) Henrik Rolland (Gro Karin Brekke). **2** (bnr. 65) Ole Solberg (Olga Solbergs eff.) Bernhard Solberg bur der i dag. **3** (bnr. 113) Erik Jamne /Kjørarhuset, det fyrste huset i Bergsdalsvegen i 1880-åra, revet (Helga Tveiterås Øvsttun). **4** (bnr. 100) Håvaldshuset/Osvald Berge (Atle Hestad). **5** (bnr. 51) Marthinus Kvamme (Edv. Penalozza). **6** Arne Eknes-huset (Jenny Kvamme).

På nedsida vegen: **7** Johs Kleiveland (reve). **8** (bnr. 101) Grautåhuset Martinus Mikkelsen Grøttå (Nils Auro). **9** Dalseidskreddarhuset (andre huset i området 1880-åra, reve). **10** (bnr. 40) Hundhammerhuset (første frå første del av 1890-åra) (Peter Gribben). **11** (bnr. 99) Lars Øye (Gerd Nyberg Øie og Per Egil Nyberg). **12** (bnr. 98) det store Østenhuset, Østen Johan, (Anlegg og Industriservice). **13** (bnr. 97) Hallstein Stamnes (1902) (Charles Lunde og Brita Hesjedal Lunde). **14** (bnr. 96) Knut Verpelstad d.e. (1901) (Siri Stamnes Bjørnberg og Fred Bjørnberg). **15** (bnr. 167) Eickhoffhuset (1900) (Rigmor Aronsen). **16** (bnr. 33) Gullachsen Hotell sitt avlastningshus for sommarsesongen (1905), i 1916 selt til Johannes S. Hesjedal (Ann Marit Mehus og Per Arild Lie).

Bortover i "Litlegatå": Dei to store arbeidarbustadane **21** Trekkspelhusa (truleg frå 1889). I mellom ligg **23** vaskehuset (med doar og vedbuer). Desse husa er alle reve og erstatta med Skyttarplassen 1 og 3 ("Sameiget Nye Trekkspelhuset"). **19** (bnr. 132) Myrhuset (truleg frå 1889) med butikk og skomakar, seinare bakeri (Laastadhuset) (Bjarne Laastad). **18** Brekkehuset (seinare Hartig/Dale Fabrikker, utsal Dale Handelsforening/"Butikkhuset"; seinare bakeri på baksida), reve. **17** (bnr. 568) Nils Brudvik (seinare DF) (Kurt Nottveit).

Nedanfor Grøttåhuset (delvis skjult bak Laastad-huset) ligg **20** (bnr. 102) huset til Knut S. Haug.

I nedste kanten t.v. den lange **22** Turkebana ("Torkå") med "Turkebavegen", reven.

Før Bergsdalsvegen var ferdig (1891 forbi skorsteinspipo nedanfor Litlafjellet) var der berre to småveggar opp til Skyttarplassen: Turkebavegen og Litlevegen. Båe tok sin begynnelse frå "Skorsteinspipo", kryssa Kupebekken ("Skitbekken") og gjekk langs smia og blekkmakarverkstaden. Vegen delte seg der, med den eine delen langs kupebekken og den andre langs "Turkebana", nærare elva. Ein stig gjekk også frå gamalt av over Litlafjellet.

Skyttarplassområdet var mykje lik dette helt fram mot 2.verdenskrigen, ei eige lita grend i Dalesamfunnet. Fleire av bebuarane jobba i Ullvarefabrikken, oppført 1889-90 rett nedanfor Skyttarplassen og Turkebana.

Kjelder: Astrid Fosse og Arnfinn Lilleskare og namnlaus eldre skriftleg kjelde.